# Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i Giske kommune



# Sluttrapport frå arbeidsgruppe

**Valderøya, 29.01.16**


**Torill Valderhaug**
**folkehelsekoordinator**

**Robert Sørli**
**oppmålingsingeniør**

**Leslie Bjørkelund**
**kulturkonsulent**

**Frode Elias Synnes**
**einingsleiar kultur og miljø**

I kommunen sin samfunnsdel 2014 – 2026 har Giske kommune valt fire satsingsområde der Giske kommune skal:

- vere ein god plass å bu – der alle vil bu
- ha gode levekår
- vere ein god næringskommune
- ha eit rikt kulturliv

Gjennomgåande perspektiv er at vi skal:

- fremje god folkehelse
- legge til rette for universell utforming og tilgjenge for alle
- legge til rett for god oppvekst for barn og unge
- ha fokus på energisparing og reinare miljø
- ha låg risiko og sårbarheit (ROS)»

Kartlegging og verdisetting av eksisterande friluftsområde er med på å bygge opp under desse satsingane og perspektiva.

I april 2015 vart det nedsett ei gruppe som skulle arbeide med kartlegging og verdisetting av eksisterande friluftsområder i Giske kommune. Denne kartlegginga er ein del av kommunen sitt arbeid med ny arealdel av kommuneplanen, og gjeld berre eksisterande område brukt til friluftsliv. Dette inkluderer m.a. slike område:

- Badeplassar
- Båtutfartsområde
- Dykkeområde
- Fiskeplassar
- Fjøreområde
- Leikeplassar
- Kiting
- Klatring / buldring
- Ridestiar
- Turstiar og –vegar
- Ulike område for opphald og leik.

Etablerte idrettsanlegg som anlegga til Giske hestesportsklubb, Giske motorsportsklubb og idrettslaga vart ikkje registrert. Unntaket er området der Giske golfklubb held til i dag. Dette fordi området har landskapstrekk som er ein god kvalitet for friluftslivet.

Kartlegginga og verdisettinga er utført etter rettleiar frå Miljødirektoratet, «Kartlegging og verdisetting av friluftsområder».
http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf

Kartlegginga er ei rein friluftskartlegging der ein ikkje har tatt omsyn til eigartilhøve, interessekonflikter eller anna. Vedlagt følgjer kart og appendiks for kvar øy. Dette viser kva område som er registrert og kva verdi området har fått. Verdien er ei «oppsummering» av ulike verdisettingskriterier som er nytta. Verdisettingskriteria er henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar, og vert omtala i neste avsnitt.

**Innhaldet i kartlegginga**

Områda er avgrensa i kart og kategorisert etter type bruk. Deretter er areala verdisette etter ein verdisettingsskala og verdisettingskriterie i medhald av nemnde rettleiar frå Miljødirektoratet.

Følgjande verdiskala og verdisettingskriterie er brukt:

| **Verdi** | **Skala** |
|---|---|
| **A** Svært viktig friluftslivsområde | Bruksfrekvens = 4,5 eller<br>Regionale / nasjonale brukarar 4,5 eller<br>Opplevingskvalitetar =5 eller<br>Symbolverdi = 5 eller<br>Funksjon = 5 eller<br>Egnethet = 5 eller<br>Tilrettelegging =5 eller<br>ein generell høg skåre |
| **B** Viktig friluftslivsområde | Bruksfrekvens = 3 eller<br>Regional / nasjonal bruk 3 eller<br>Opplevingskvalitetar = 3,4 eller<br>Symbolverdi = 3,4 eller<br>Funksjon = 3,4 eller<br>Egnethet = 3,4 eller<br>Tilrettelegging = 3,4 eller<br>ein generell middels skåre |
| **C** Registrert friluftslivsområde | Bruksfrekvens =2 eller<br>Regional / nasjonal bruk 2 eller<br>Opplevingskvalitetar = 2 eller<br>Symbolverdi = 2 eller<br>Funksjon = 2 eller<br>Egnethet = 2 eller<br>Tilrettelegging = 2 eller<br>ein generell lav skåre |
| **D** Ikkje klassifisert friluftslivsområde | Område som ikkje blir verdsett som A, B eller C. |

| **Verdisettings-kriterium** | | **1** | **2** | **3** | **4** | **5** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Brukarfrekvens | Kor stor er dagens bruksfrekvens? | Liten | Noe | Middels | Ganske stor | Stor |
| Regionale og nasjonale brukarar | Blir området brukt av personar som ikkje er lokale? | Aldri | Nesten aldri | Middels | Ganske ofte | Ofte |
| Opplevings-kvalitetar | Har området spesielle natur- eller kulturhistoriske opplevings-kvalitetar? | Ingen | Litt | Middels | Ganske mange | Mange |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Har området eit spesielt landskap? | | | | | |
| Symbolverdi | Har området ein spesiell symbolverdi? | Ingen | Litt | Middels | Ganske stor | Stor |
| Funksjon | Har området ein spesiell funksjon (tilkomstsone, korridor, parkeringsplass el.)? | Ikkje spesiell funksjon | Noko spesiell funksjon | Middels funksjons | Ganske spesiell funksjon | Spesiell funksjon |
| Egnethet | Er området spesielt godt eigna for ein eller fleire enkeltaktivitetar som det ikkje fins like gode alternative område til? | Dårleg | Ganske dårleg | Middels | Ganske godt | Godt |
| Tilrettelegging | Er området tilrettelagt for spesielle aktivitetar eller grupper? | Ikkje til rette-lagt | Litt til rette-lagt | Middels tilrette-lagt | Ganske godt tilrettelagt | Høg grad av til rette-legging |
| Kunnskaps-verdiar | Er området eigna i undervisingssaman heng eller har området spesielle natur- eller kulturvitskapelege kvalitetar? | Få | Ganske få | Middels | Ganske mange | Mange |
| Inngrep | Er området inngrepsfritt? | Utbygd | Ganske utbygd | Middels | Ganske inngreps-fritt | Inngreps-fritt |
| Tilgjenge-legheit | Er tilgjengelegheita god, eller kan den bli god? | Dårleg | Ganske dårleg | Middels | Ganske god | God |

**Denne rapporten er å sjå på som eit viktig innspel til drøftinga rundt framtidig arealbruk**. Det er første gong Giske kommune gjer ei slik kartlegging. Nøyaktigheita varierer og må kunne seiast å vere «grov», så her trengs ei meir detaljert kartfesting. Etablerte turvegar og turstiar burde for eksempel vore gått opp slik at vi kunne få GPS-registrert koordinatane. Vi ser det som naturleg og heilt nødvendig med ei ny registrering og verdisetting ved neste rullering / revidering av arealdelen. Då vil vi anbefale å hente meir informasjon frå «Naturbasen».

I utmark har detaljnivået vore mindre enn i meir tettbygde strok. Ved framtidige areal- og reguleringsplanar er det nødvendig å gjere ei meir detaljert vurdering som ivaretek friluftsinteressene som er med i denne kartlegginga / verdisettinga.

Kartlegginga er ikkje å sjå som eit innspel for å stoppe utbygging, men heller å gi eit betre grunnlag for gode avgjerder. Sjølv om kartlegginga er «grov», vil den kunne bidra til at ein meir systematisk får sett lys på friluftsinteressene i arealforvaltninga. For best muleg resultat bør denne verdisettinga brukast aktivt ved all planlegging.

**Arbeid framover**

Vi vil kome med slike råd til vidare arbeid:

- Bruk av friluftskartlegginga som informasjonsgrunnlag skal innarbeidast i kommunen sine interne saksbehandlingsrutinar.
- Følgjande må innarbeidast i føresegnene i kommuneplanens arealdel: der planområdet omfattar registrerte friluftsområde, så skal det bli gjort greie for korleis friluftslivsinteressene blir berørt, kva som er vurdert og kva som er prioritert ved val av løysingar.
  Dette betyr at område med verdi:
  - **A** skal sikrast etter plan- og bygningslova. Det bør avsettast ei omsynssone rundt desse slik at friluftsinteressene ikkje vert forringa ved framtidig arealomdisponering. Avbøtande tiltak kan vere aktuelt etter nøye vurdering.
  - **B** bør få sterk sikring og må vurderast i plansamanheng. Det bør avsettast ei omsynssone rundt desse slik at friluftsinteressene ikkje vert forringa ved framtidig arealomdisponering. Avbøtande tiltak kan vere aktuelt.
  - **C** så skal friluftsinteressene vurderast. Avbøtande tiltak er aktuelt.
  - **D** så bør friluftsinteressene vurderast. Avbøtande tiltak er aktuelt.
- Vi anbefalar at kommunen vel slike strategiar for friluftslivet og friluftsinteressene i arealplanen:
  - Sikre grøne korridorar mellom fjell og fjøre, via bustadområda.
  - Sikre tilkomst til og opphald i strandsona.
  - Sikre at det er maksimalt 500 meter frå bustad til turområde.
  - Eit sterkt vern av 100 meters beltet langs alle øyane.
  - Sikre Tursti i 100 meters beltet rundt Valderøya.
- Turveg langs fjellfoten Valderøya slik dei har gjort på Godøya. Her går steingard i mange delar av området rundt Valderøya som viser overgang mellom innmark og utmark. Nokre delar er kanskje utbygd allereie, men dette må kartleggast nærare ved nærare detaljering av turtraséen. Vi anbefaler at det i arealplanen blir lagt inn ein grønkorridor for å sikre mulegheitene for denne vegen.DenOmrådet ved gamle Skjong barneskule og Demma. Vi anbefalar at området blir sikra som eit friområde, vatnet / demma inkludert. I dag framstår området som eit friområde med stiar, eit vassmiljø med opplevingskvalitetar og parkeringsplass. Det er viktig for å sikre tilkomst til fjellet via Leitaskaret og Skjongskaret, og utbygging må sjåast i heilskap. Ev. bustadbygging må gjerast skånsomt for å ikkje redusere kvaliteten på friområdet.
- Den gjennomførte kartfestinga og verdisettinga bør reviderast samstundes med revidering av arealdelen. Dette vil sikre oppdatering av kunnskap og betre grunnlag for framtidige vurderingar og avgjerder.

**Kort om arbeidet**

Friluftsrådet for Ålesund og omland ved Geir Haugli har vore sterkt involvert i arbeidet med kartfestinga av eksisterande friluftsområde. Gruppa har hatt dialog med representantar frå FAU og idrettslaget på kvar øy. Det er første gongen vi gjer denne kartlegginga. Som nevt vert denne kartlegginga ikkje so detaljert som den ideelt sett bør vere. Dette er å sjå som ein start, der ein kan auke detaljeringa ved framtidige revideringar. (noko som gjer at vi ikkje har klart å gå så detaljert som det ideelt sett burde vore gjort.)

I arbeidet har vi brukt Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013 «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder»
http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf

Giske kommune valde å følgje denne rettleiaren fordi det gav mulighet til å søke midlar til gjennomføring av kartlegginga. Giske kommune var ei av fire kommunar i fylket som fekk prosjektmidlar frå statsmidlar via fylkeskommunen til dette arbeidet. I tillegg vil det frå 2018 vere eit krav frå Miljødirektoratet at ein ved søknad om statlege midlar til sikring av friluftsområde har gjort ei kartlegging og verdisetting av friluftsområde. I slike statlege sikra friluftsområde vil ein ha mulighet til å søke statlege midlar til tilrettelegging.

Fulgte prinsipp:

- Vi har hatt fokus på friluftsliv, og forsøkt å ikkje ta inn andre vurderingar som 100-meters beltet, grunneigarar etc. Erfaringa frå andre kommunar tilseier at det er viktig å ha på «skylappane». Dette er også viktig for å unngå ei «politisering» av arbeidet noko som er politikarane sitt ansvar.
- Avgrensing av områda i utmark (strandsone m.m.) er gjord tilfeldig av registrator. Ein må m.a.o. ikkje ta avgrensinga for endeleg. I tettbygde strøk derimot har ein gjort ei litt meir konkret vurdering, men heller ikkje der er avgrensinga endeleg. Dette må ev gjerast i samband med reguleringsplanar o.l.
- Leikeplassar. Ein del er registrert, men vi veit at der fins mange fleire. Dette må registrerast som eit eige prosjekt, og koplast opp mot utfordringane med korleis ta vare på og forvalte eksisterande leikeplassar.
- Alle område som du treng båt for å kome til, blir definert som «Utfartsområde», t.d. Erkna, Hestholmen, Kjeholmen, Rossholmen, Storholmen og Uksebåsen.
- Namnefastsetjing: øynamn – stadnamn ev himmelretning eller nummer, t.d. Giske – Gjerdesanden N.
- Så lenge ikkje områda er ein del av ein offentleg plan godkjent av Giske kommunestyre, så har vi sett «Nei» i fane for KS-godkjenning.

Vedlegg

- Kart over alle øyane
- Appendiks: informasjon om friluftsområda

# KARTLEGGING OG VERDISETTING AV FRILUFTSOMRÅDER I GISKE KOMMUNE



# KARTLEGGING OG VERDISETTING AV FRILUFTSOMRÅDER I GISKE KOMMUNE



# KARTLEGGING OG VERDISETTING AV FRILUFTSOMRÅDER I GISKE KOMMUNE



# KARTLEGGING OG VERDISETTING AV FRILUFTSOMRÅDER I GISKE KOMMUNE



